

# Årsmelding for Vest-Telemarkrådet 2011

---

Forslag til årsmelding for handsaming som sak 28/2012 i Vest-Telemarkrådet 22. mai 2012.  
Endeleg handsaming i Vest-Telemarktinget 19.06.2012

Skriven av Ole Dalen, Vest-Telemarkrådet  
Dato: 15.05.2012

# Innhald

<b>Formål</b>	<b>3</b>
<i>Øvste styringsorgan</i>	<b>3</b>
<i>Økonomi</i>	<b>3</b>
<i>Leiinga</i>	<b>3</b>
<i>Ny regionordførar og regionvararordførar for perioden 2012 - 2013</i>	<b>3</b>
<i>Møte i Tinget</i>	<b>3</b>
<b>Arbeidsprogrammet har fylgjande visjon:</b>	<b>3</b>
<b>Mål og tiltak i arbeidsprogrammet:</b>	<b>4</b>
<i>Mål 1 Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark</i>	<b>4</b>
<i>Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet</i>	<b>4</b>
<i>Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark</i>	<b>4</b>
<i>Mål 4 Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark</i>	<b>4</b>
<b>Frå arbeidet i Rådet i 2011</b>	<b>5</b>
<b>Nokre viktige saker frå 2011</b>	<b>5</b>
<i>Formalisering av Vest-Telemarkrådet som § 27 selskap</i>	<b>5</b>
<i>Strategisk Næringsplan 2011-2014 for Vest-Telemark</i>	<b>5</b>
<i>Tiltaksretta handlingsplan for landbruket i Vest-Telemark 2011 - 2014</i>	<b>5</b>
<i>Forholdet til Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2011-2014</i>	<b>6</b>
<i>Utvida brannvernsamarbeid</i>	<b>6</b>
<i>Ny politistruktur i Vest-Telemark</i>	<b>6</b>
<i>Vidare organisering av regionsamarbeidet i Vest-Telemark</i>	<b>6</b>
<i>Skjønnsmidlane</i>	<b>7</b>

# Formål

”Vest-Telemarkrådet skal vere eit samarbeidsorgan for dei deltakande kommunane på alle område og alle plan, og skal vere eit organ for løysing av felles spørsmål og oppgåver for dei same kommunane.”

## Øvste styringsorgan

Tinget er det øvste styringsorganet og består av ordførar, varaordførar, eit anna kommunestyremedlem samt rådmann frå kvar av dei deltakande kommunane. Rådet, som består av ordførarane i dei 6 kommunane, står for den daglege drifta saman med dagleg leiar.

## Økonomi

Årets underskot på 200.052,- kr takast av eigenkapitalen.

## Leiinga

Ordførar i Nissedal kommune Anne-Nora Oma Dahle har vore regionordførar i Vest-Telemarkrådet i 2011, medan ordførar i Kviteseid kommune Torstein Tveito har vore regionvaraordførar.

## Ny regionordførar og regionvaraordførar for perioden 2012 - 2013

På møte i Vest-Telemarktinget 13. desember 2011 vart ny regionordførar og regionvaraordførar vald:

*Som regionordførar for perioden 2012 – 2013 vert valt: **Torstein Tveito***

*Som regionvaraordførar for perioden 2012 – 2013 vert valt: **Erik Skjervagen***

## Møte i Tinget

Det var halde tre møte i Tinget. Ein utsette møtet i desember 2010 til 29.03.2012 grunna handsaming av Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark. Dei øvrige møta i Tinget var halden 21.06.2011 og 13.12.2011.

Tinget vedtok i desember 2009 arbeidsprogram for 2010 – 2011. Arbeidsprogrammet syner retningen for regionrådet og gjeld i 2 år. Det er knytt tiltak til måla og måloppnåinga vert kontrollert av Tinget 2 gonger i året.

## Arbeidsprogrammet har fylgjande visjon:

### **VISJON: VEST-TELEMARK - EIN LEVANDE REGION**

*Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrensar skal vi gjere regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleving.*

# Mål og tiltak i arbeidsprogrammet:

## Mål 1 Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark

### Tiltak:

- *Auke dei unge si sjølvkjensle og tilknytning til distriktet, og stimulere til*
- *entreprenørskap*
- *Ha god tilgang til vidaregåande skule, samt etter- og vidareutdanning for*
- *innbyggjarane*
- *Auke tilgangen på attraktive bustader, opplevingar og uformelle møteplassar*
- *Stimulere til rekruttering av arbeidskraft*
- *Satse på auka tilflytting og ha fokus på gode integreringstiltak*
- *Nytte samhandlingsreformen til å få best mogleg helsetilbod i regionen*

## Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet

### Tiltak:

- *Stø opp om kulturtiltak som fremjar kjennskap, identitet og samhandling*
- *Legge til rette for godt regionalt samarbeid, herunder elektronisk kommunikasjon og*
- *informasjonsflyt*
- *Drive aktiv marknadsføring av regionen*
- *Drive alliansebygging/lobbyverksemd og kome tidleg inn i dei ulike politiske*
- *endringsprosessane*

## Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemdar i Vest-Telemark

### Tiltak:

- *Styrke marknadsføringa av Vest-Telemark som reiselivsmål og vidareutvikle*
- *opplevingstilbodet i regionen*
- *Leggje til rette for næringsutvikling med grunnlag i lokale ressursar*
- *Leggje til rette for etablering av kompetanseverksemdar og stimulere utviklinga i*
- *eksisterande verksemdar*
- *Stimulere til vidareutvikling av næringsapparatet i regionen*
- *Arbeide for å betre rammevilkåra for landbruket i Vest-Telemark*

## Mål 4 Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark

### Tiltak:

- *Samarbeide med Haukelivegen AS, Arbeidsgruppa for E 134/Rv 36, Telemarksvegen*
- *Vest-Telemark Næringsforum og andre viktige grupperingar*
- *Arbeide mot sentrale styresmakter, spesielt i høve til Nasjonal Transportplan og*
- *aktuelle utbyggingsprosjekt*
- *Fremje tiltak for alternativ finansiering av sentrale investeringsprosjekt*
- *Arbeide for auka midlar til investeringar og vedlikehald av øvrige riks- og fylkesvegar*
- *Sikre full utbygging av siste generasjon breiband i regionen*
- *Arbeide for full dekning innan mobilsamband og digitalt bakkenett*
- *Arbeide for realisering av høgfartsbane over Haukelifjell*

# Frå arbeidet i Rådet i 2011

Det er halde 9 møte i rådet og det vart handsama 78 saker. Møtekalender for 2011 vart vedteke på ekstra rådsmøte 1.03.2011. Etter ynskje frå Rådsmedlemmane har ein lagt opp til ein lågare møtefrekvens med møte annankvar månad.

Møta i Rådet er åpne for allmennt innsyn, og saksdokument og protokoll frå møta er tilgjengeleg på nettstaden: [www.vest-telemark.no](http://www.vest-telemark.no)

## Nokre viktige saker frå 2011

### Formalisering av Vest-Telemarkrådet som § 27 selskap

På møtet i Tinget 13.12.2011 vart det handsamafylgjande: På bakgrunn av tidlegare vedtak i Vest-Telemarkrådet samt likelydande vedtak i dei 6 kommunane låg det føre forslag om formalisering av Vest-Telemarkrådet som §27-selskap.

#### **Vedtak:**

*Vest-Telemarktinget vedtek at Vest-Telemarkrådet vert å formalisere som § 27 – selskap og godkjenner det framlagte forslaget til vedtekter.*

### Strategisk Næringsplan 2011-2014 for Vest-Telemark

Handsaming av planen etter høyring vart gjort på ekstra rådsmøte 29.03.2011.

*I møte 30. november 2010 handsama Vest-Telemarkrådet framlegg til Strategisk Næringsplan 2011-2014 for Vest-Telemark. Rådet vedtok at planen skulle sendast på høyring i kommunane og andre aktuelle høyringsinstansar med høyringsfrist 20. februar 2011. Arbeidsgruppa for planen har handsama høyringsuttalene og la fram ei tilråding.*

Etter dette vart planen samrøystes vedteken 29.03.2011.

### Tiltaksretta handlingsplan for landbruket i Vest-Telemark 2011 - 2014

I Vest-Telemark skal vi ha levande landbruk der opparbeidde verdiar vert vidareført for å skape meirverdi for samfunnet. Landbruket i Vest-Telemark skal i framtida vere aktivt og mangfaldig.

Målet for planen er å oppretthalde **aktivt landbruk i Vest-Telemark.**

## Forholdet til Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2011-2014

Den tiltaksretta landbruksplanen for Vest-Telemark (LP) er utforma samstundes med ny Strategisk

Næringsplan for Vest-Telemark (SNP) og samla rundt fire hovudmål. Figuren syner tilhøvet

mellom dei. Planane sjåast i samanheng for å sikre arbeidet innafor område som er viktige for Vest-

Telemark regionen. I planane er det tiltak som er like når det gjeld tema og der arbeid med

tiltaksområdet i LP er viktig for måloppnåing i SNP og motsett.

## Utvida brannvernsamarbeid

Rapporten ”Utgreiing av utvida brannvernsamarbeid mellom kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje” peika på moglegheiten for å inkludere beredskapsarbeidet i det eksisterande brannvernsamarbeidet.

Ei prosjektgruppe med representantar frå dei ulike kommunane har sytt for den nærare utgreiinga av saken.

Rapporten konkluderer med å tilrå ei utviding av brannvernsamarbeidet til også å gjelde brannberedskapen i dei 6 kommunane, med ei 100 % stilling som beredskapsleiar . Rapporten foreslår ei vidareføring av vaktordningar og talet på brannmannskap inntil ei ny felles ROS-analyse er gjennomført.

Kommunane skal sjølv eige sine brannstasjonar og dekke drift og vedlikehald av desse, medan fellesbrannvesenet dekker kostnadene til investering i køyretøy og anna materiell samt drift og vedlikehald av desse. Rapporten tilrår også modell for kostnadsfordeling.

## Ny politistruktur i Vest-Telemark


Det har vore eit viktig tema omkring organiseringa av politiet i regionen. Regionordførar gjennomførte mellom anna møte med kommunalministeren som stør regionens syn. Vidare gikk prosessen til justisdepartementet, og det er Storting og Regjering som til sist avgjer lensmannsstrukturen i kommunane.

Engasjementet i Vest-Telemarkrådet synest å ha vore eit godt bidrag for å behalde lensmannskontor i kvar kommune.

## Vidare organisering av regionsamarbeidet i Vest-Telemark

Sidan mars 2010 har det gått føre seg prosessar i høve til den vidare organiseringa av regionsamarbeidet. Målet for prosessen er å fastsette ein struktur med eigarskap og roller mellom eksisterande aktørar i regionsamarbeidet i Vest-Telemark, der Lov om offentleg anskaffelser (LOA) og andre eksterne krav vert ivaretatt. Nytt av å bygge kompetansemiljø og eigarskap til Vest-Telemark Næringsutvikling as (VTNU) har vore blant dei mest krevjande områda i saka.

Saka vart ikkje avslutta i 2011, og har vore særskilt krevjande for tilsette og ansvarlege i VTNU og Vest-Telemarkrådet (VTR) som utgjør dagens regionapparat.



## Skjønnsmidlane

Vest-Telemark fekk i 2011 kl 1.710.000,- kr i skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.

Midlane vart fordelt på fylgjande prosjekt/tiltak:

<i>Utviklingsprosjekt landbruk</i>	<i>650.000,-</i>
<i>IKT-strategi</i>	<i>250.000,-</i>
<i>Innføring Feide</i>	<i>250.000,-</i>
<i>Kommunal Tenesekatalog, styrking</i>	<i>100.000,-</i>
<i>Opplærings- og utviklingstiltak pleie/omsorg</i>	<i>460.000,-</i>
<b>SUM</b>	<b><u>1.710.000,-</u></b>

Vest-Telemark

31.12.2011 / 22.05. 2012

.....  
Solveig S. Abrahamsen

.....  
Halvor Homme

.....  
Arne Vinje

.....  
Hilde Alice Vågslid

.....  
Erik Skjervagen

.....  
Kjell Gunnar Heggnes

.....  
Torstein Tveito